

NOTAT

Bergen, 08.03.2021

Torvhus i Veneset, Alver

Torvtaking har lange tradisjonar på Vestlandskysten. Kjerneområdet for denne aktiviteten er kystområda frå Lista i sør til Møre i nord, men det har vore spadd torv til brensel langs heile Norskekysten i fleire hundre år. Det er funne reiskapar til torvtaking frå jernalderen og torvtaking er nemnt i norrøn litteratur frå slutten av 800-talet.

For å gjere torv om til brensel trengs det torvhus der torva kan lagrast tørt fram til den kan berast heim og brennast. Før ein kunne ta ut brenseltorv måtte myra drenerast og det øvste laget, grastorva, måtte fjernast. Deretter vart det spadd ut stykker i mursteinsstorleik som vart tørka på staden. Først på marka og deretter i stablar, eller pyramider, på tørre rabbar eller berg. Når desse var tilstrekkeleg tørre vart dei frakta til torvhuset for vidare lagring. Herifrå vart torva henta etter behov og frakta heim i kiper, med hest eller i båt gjennom vinteren.

Torvhus finn ein i trefattige områder ute ved kysten, men og lenger inne i landet. Det at ein finn torvhus og spor etter torvtaking i område som ikkje reknast som trefattige kan henge saman med at torva hadde relativt høg brennverdi; 2,5 m³ tørr torv har om lag same brennverdi som ei famn bjørkeved. I tillegg var torva lett å transportere når den var tørka og ein trengde ikkje å hogge skog, som hadde mange andre viktige bruksområde.

Ute ved kysten er torvhusa ofte bygde i stein. Lenger inne er dei ofte sett opp med grindverkskonstruksjon. Felles for dei alle er at dei ligg nær ei torvmyr. Tidlegare var desse torvhusa eit vanleg syn i Nordhordland, men då dei ikkje er i bruk lenger har mange av desse forfalle og ramla saman. Dette gjeld særleg dei som er bygde i tre; dvs. grindverksbygde torvhus. I Nordhordland, som elles i trefattige område, var torvhusa heilt eller delvis bygde i tørrmur, slik som desse på Veneset. Tørrmurkonstruksjonane varer lenger enn reine trekonstruksjonar som får stå utan vedlikehald, men frostsprenging og ikkje minst attgroing og rotsprenging gjer sitt for at også desse litt etter kvart forsvinn. I torvhusa på Veneset er det berre taka som ikkje er av lokal stein. Det har vore saltak og pulttak med sperr og lekter og desse har vore tekte med teglpanner, og seinare med bølgeblekk.

M U KULTURVERNTENESTA H O I NORDHORDLAND

Alle bygningane har skader; dvs. det er rasa ned deler av muren og det er setningar i grunnen. I tillegg har vegetasjonen, dei store granene, ført til at konstruksjonane har blitt skipla. Det er behov for å rydde vekk vegetasjon i og rundt bygningane, grunn/fundament må sikrast mot ytterlegare setningsskader, skadd mur må takast ned og murast oppatt og det må byggast nye tak om desse bygningane ikkje skal ramle heilt saman.

I dag er det ingen som tek torv til brensel lenger og torvhusa har gått ut av bruk for fleire tiår sidan. Etter andre verdskrigen fekk fleire og fleire innlagt straum og i tillegg vart det tilgang på billeg kol og etter kvart olje til oppvarming. Torvtakinga er ein aktivitet som varte gjennom mange hundre år og var ein viktig del av kulturen i kystbygdene fram til få generasjonar sidan. Det er ikkje truleg at torvtaking blir tatt opp att som tradisjon. Det er kanskje heller ikkje ønskeleg ut frå kunnskapen vi har om torvmyr i dag som t.d. som viktig karbonlager. Difor er det viktig at vi tek vare på nokre fysiske minne etter denne kulturen.

Det er prisverdig at ein privat eigar vil gjere ein innsats for å berge desse kulturminna for ettertida. Torvhusa er representantar for ein aktivitet og ein kultur som har vore del av livsgrunnlaget for ein heil landsdel gjennom fleire hundre år. Dei fysiske minna, spor etter torvtaking i myrane, og torvhus bygde av materialar frå staden dei står på, er forgjengelege og vil forsvinne heilt om ikkje det vert sett i verk slike bergingsaksjonar som no skal gjennomførast på Veneset i Alver. Kulturverntenesta i Nordhordland ved Museumssenteret i Hordaland meiner, med bakgrunn i ovanfor nemnde tilhøve, at torvhusa i Veneset har høg kulturminneverdi og at det er viktig for Nordhordlandsregionen å ta vare på slike representantar frå byggeskikken.

Arild Sætre

Sivilarkitekt

Kulturverntenesta i Nordhordland

Museumssenteret i Hordaland